EIDFJORD KOMMUNE

NOTAT

Vår ref.	Saksh.:	Gunnar Elnan	Arkivkode	Arkivsak	Dato:
20/28	Telefon:	53 67 3652	K2-K40	19/667-9	02.01.2020

Informasjon til jakt i januar på hjort og elg

Jakt i januar på hjort og elg i Eidfjord kommune

Kommunane kring Nordfjella skal redusera bestandane av hjortevilt for å forhindra spreiing av skrantesjuke frå Nordfjella sone 1. Eidfjord kommune er av Miljødirektoratet bede om å redusera bestandane av hjort og elg til under halve storleiken i høve 2016-nivået.

Som ei lekk i arbeidet med å tilretteleggja for auka felling, har Miljødirektoratet vedteke utvida jakttid for hjort og elg i Eidfjord og 14 andre kommunar rundt Nordfjella.

Ny jakttidsramme er difor frå 15. august og til 31. januar. Dette gjeld til og med januar 2022.
Det er ikkje høve til å driva jakt på hjort og elg i perioden 24.12 – 31.12.
Det er ikkje lov å nytta laus hund i den utvida perioden.

Hjort
Stabil felling det siste 10-året har resultert i ein berekna stabil, og kanskje ein liten auke, i bestanden før jakt. Fellingstala frå årets jakt så langt tydar på at det no er felt ca 41 hjort i Eidfjord (pr 5. desember). Den førebelse indeksen «sett-hjort pr jegertime» antyder at jegerane ser noko meir hjort i år enn tidlegare år.

Elg
Totalstamma i kommunen og regionen er lita, men samstundes er observasjonar av elg i høgfjellet meir vanleg.
Kvota for Eidfjord vart gitt til Vestvidda viltlag. Innanfor gitt kvote er det høve til å jakta elg i januar på godkjente vald (innanfor grensene til Eidfjord kommune).

Det vert minna om Viltlova som forbyr bruk av motorkøyretøy, eksempelvis snøscooter, ved utøving av jakt. Eventuelt konkret behov for uttransport av felt dyr skal søkjast om til kommunen.

Oppmoding for jakt i januar
I samråd med Eidfjord hjortevald er oppmodinga at jaktinga på hjort i januar i hovudsak er målretta uttak av kalvar. Målretta felling av kalv vil kunna redusera talet

viltpåkøyringar, samt at det på mange måtar er eit godt bestandsforvaltningsmessig tiltak. Ved å ha høge uttak av kalv, vil vinterbestanden av hjort vera lågare, mens bestandens produktivitet i større grad oppretthaldast. Men også dyr som er i openbart dårleg hald, dyr som har regelmessige trekk over trafikkfarlege plassar og individ som gjer skade på landbruksinteressar og hagar kan vera aktuelle for felling.

For både elg og hjort vil ein oppmoda om at jaktinga føregår på ein skånsam måte, med lite bruk av jag i utmark. For elgen sin del, som i vår kommune i det vesentleg lever i fjellområda, er det sjølvsagt ei ekstra påkjenning for dyra å verta jaga i djup snø, som det kan vera i januar. Jegerane skal sjå til at det vert teke hensyn til dette.

Ettersøkshund
Me minner om at det er jeger sitt ansvar å ha avtale på godkjend ettersøkshund under jakt på hjort og elg også i januar.

Rapportering
Valdansvarleg skal rapportera fellingsresultatet seinast 14 dagar etter endt jakt. Det vil seia at fristen no er 14. februar. Rapporteringa skal skje likt som tidlegare til kommunen.

Hugs også at all jakting skal registrerast via www.hjorteviltregisteret.no, ikkje minst dei turane kor ein ikkje såg eller felte dyr.

Med venleg helsing

Gunnar Elnan
Rådgjevar Drift og forvaltning

Kopi til arkiv